



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Uppheim i Volda
Dato: 28.09.2017
Tid: 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Hild Våge, permisjon kl. 16.05.	Medlem	AP
Magnar Sunde	Medlem	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Edvin Dale	Medlem	FRP
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Per Svein Krøvel	Medlem	H
Arild Iversen, permisjon kl. 16.05	Medlem	KRF
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Rebecca Riise Bjerknes	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Åshild Vik, møtte kl. 15.20	Medlem	SV

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Benedikte Holmberg	Medlem	V
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Sølvi Dimmen	Medlem	SP



VOLDA KOMMUNE

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Anne Lise Fredly	Hild Våge	AP
Ivar-Otto Kristiansen	Dan Helge Bjørneset	H
Jan Øystein Håvik Holsvik	Sølvi Dimmen	SP
Idar Flo	Benedikte Holmberg	V
Anne Natvik	Åshild Vik	SV

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann

PS 98/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det var 26 møtande ved møtestart.

Arild Iversen bad om permisjon frå kl. 16.00.

Innkalling

Innkalling med sakliste vart lagt ut på lesebretta og publiserte på heimesida den 21.09.2017.
Møtet vart annonsert i «Møre» den 23.09.2017.

Dokument lagt ut på lesebrettet den 27.09.17:

Vedlegg til PS 100/17 – Mediebygget – støyrelse på kultursal i kalkyle.

Dokument delt ut i møtet:

Grunngjeve spørsmål frå Arild Iversen og svar frå ordføraren: Venterom og toalett ved busshaldeplassen på Moritsmarka.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Røysting innkalling:

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

Sakliste

Ordføraren kom med framlegg om at FO 2/17 – Grunngjeve spørsmål, vert flytta til etter OS 52/17 Orientering frå KLP.



VOLDA KOMMUNE

Røysting sakliste:

Saklista, med endringer frå ordføraren, vart samrøstes godkjent.

PS 99/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Møteprotokollen frå sist møte den 31.08.2017, vart samrøstes godkjent.

OS 52/17 Orientering frå KLP (Kommunal Landspensjonskasse)

Rune Trones orienterte om Kommunal Landspensjonskasse (KLP).

Øyvind Festø møtte kl. 14.10, det var 27 røysteføre i møtet.

Det vart opna for spørsmål frå kommunestyret i etterkant av orienteringa.

FO 2/17 Grunngeve spørsmål

Grunngeve spørsmål frå Arild Iversen, med svar frå ordføraren, vart delt ut i møtet.

Arild Iversen stilte grunngeve spørsmål vedk. venterom og toalett ved busshaldeplassen på Moritsmarka.

Ordføraren svara på spørsmålet og Arild Iversen takka for svaret.

PS 100/17 Kulturhus og kino i kombinasjon med nytt mediebygg på campus Høgskulen i Volda

Tilråding i formannskapet - 19.09.2017 til kommunestyret:

Kommunestyret er kjent med dei kritiske suksessfaktorane knytt til deltaking i sambruksløysing med HVO for kulturhus og kino i nytt mediebygg. Kommunestyret føreset at HVO og Volda kommune i planleggingsfasen legg vinn på å oppnå maksimal sambrukseffekt for at prosjektet kan la seg realisere.

Kommunestyret løyver inntil kr 250 000 til dekning av utgifter kommunen vil ha prosjekteringsfasen og for å få fram avgjerdsgrunnlag for kor vidt kommunen kan gå vidare med prosjektet mot endeleg realisering. Løyvinga vert dekt ved bruk av ubunde kapitalfond.

Handsaming:

Vedlegg til saka, *Mediebygget – størrelse på kultursal i kalkyle*, vart lagt ut på lesebretta den 27.09.17.

Åshild Vik møtte kl. 15:20, og vara Anna Natvik gjekk.

Roald Espset (FrP) kom med slikt oversendingsframlegg:



VOLDA KOMMUNE

Kommunen ynskjer å få oversyn over eventuelle alternative prosjekt/løysingar. Kommunen lyser difor ut etter skisseprosjekt på konkrete alternativ. Det skal i tilbod skisserast rammer for økonomi, synergjar, tettstadseffekt og mogleg framtidig vidareutvikling. Frist vert å sette tilsvarande den dato som vil gjelde for levering av komplett tilbod frå Statsbygg si side.

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 28.09.2017:

Kommunestyret er kjent med dei kritiske suksessfaktorane knytt til deltaking i sambruksløysing med HVO for kulturhus og kino i nytt mediebygg. Kommunestyret føreset at HVO og Volda kommune i planleggingsfasen legg vinn på å oppnå maksimal sambrukseffekt for at prosjektet kan la seg realisere.

Kommunestyret løyver inntil kr 250 000 til dekning av utgifter kommunen vil ha prosjekteringsfasen og for å få fram avgjerdsgrunnlag for kor vidt kommunen kan gå vidare med prosjektet mot endeleg realisering. Løyinga vert dekt ved bruk av ubunde kapitalfond.

Oversendingsframlegg frå kommunestyret – 28.09.2017 til formannskapet:

Kommunen ynskjer å få oversyn over eventuelle alternative prosjekt/løysingar. Kommunen lyser difor ut etter skisseprosjekt på konkrete alternativ. Det skal i tilbod skisserast rammer for økonomi, synergjar, tettstadseffekt og mogleg framtidig vidareutvikling. Frist vert å sette tilsvarande den dato som vil gjelde for levering av komplett tilbod frå Statsbygg si side.

Hild Våge fekk permisjon kl. 16:05 og vara Anne Lise Fredly tok sete.

Arild Iversen fekk permisjon kl. 16:05, det var 26 røysteføre i framhald av møtet.

PS 101/17 Ny bruk av bustadsmodular Engesetvegen 28 - Kostnadar og finansiering

Tilråding i formannskapet - 19.09.2017 til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner ei auka investeringsramme for prosjektet med etablering og istandsetting/oppussing av 2 bustadsmodular ved Mork barnehage og 2 bustadsmodular for mellombels bustad og for særskilt bustadsbehov på Rotset. Auka investeringsramme vert finansiert via låneopptak på kr. 2 928 576,-. Driftsmessigekonsekvensar blir innarbeidd i økonomiplanen for 2018-2021.

Handsaming:

Sindre Rotevatn, H, kom med slikt framlegg om endring av nest siste setning i tilrådinga frå formannskapet:



VOLDA KOMMUNE

Auka investeringsramme vert finansiert ved administrativ omdisponering innanfor allereie innvilga samla låneramme.

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet fekk 22 røyster og vart vedteken, fire røysta imot.

Vedtak i kommunestyret - 28.09.2017:

Kommunestyret godkjenner ei auka investeringsramme for prosjektet med etablering og istandsetting/oppussing av 2 bustadsmodular ved Mork barnehage og 2 bustadsmodular for mellombels bustad og for særskilt bustadsbehov på Rotset. Auka investeringsramme vert finansiert via låneopptak på kr. 2 928 576,-. Driftsmessigekonsekvensar blir innarbeidd i økonomiplanen for 2018-2021.

PS 102/17 Tilleggsfinansiering tilbygg Myrtun - sandlager

Tilråding i formannskapet - 19.09.2017 til kommunestyret:

For å gjennomføre komplett utbygging av tilbygg - garasje og sandlager - på kommunalteknisk driftslager på Myrtun, godkjenner kommunestyret tilleggsføring på kr 771 000,- inkl. mva. til prosjekt 700903. Tilleggsføringa vert finansiert slik:

<i>Auka låneopptak</i>	<i>kr</i>	<i>576 900,-</i>
<i>Momskompensasjon</i>	<i>kr</i>	<i>144 100,-</i>
<i>SUM</i>	<i>kr</i>	<i>771 000,-</i>

Driftsmessigekonsekvensar blir innarbeidd i økonomiplanen for 2018-2021.

Handsaming:

Sindre Rotevatn kom bad om punktvis røysting.

Sindre Rotevatn kom med slikt framlegg til endring av andre setning i tilrådinga frå formannskapet:

Auka investeringsramme vert finansiert ved administrativ omdisponering innanfor allereie innvilga samla låneramme.

Sindre Rotevatn kom med framlegg om å stryke administrativ i framlegget sitt.

Sindre Rotevatn endra framlegget sitt til eit oversendingsframlegg til formannskapet og trakk framlegget om punktvis røysting.



VOLDA KOMMUNE

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 28.09.2017:

For å gjennomføre komplett utbygging av tilbygg - garasje og sandlager - på kommunalteknisk driftslager på Myrtun, godkjenner kommunestyret tilleggsløyving på kr 771 000,- inkl. mva. til prosjekt 700903. Tilleggsløyvinga vert finansiert slik:

<i>Auka låneopptak</i>	<i>kr</i>	<i>576 900,-</i>
<i>Momskompensasjon</i>	<i>kr</i>	<i>144 100,-</i>
SUM	kr	771 000,-

Driftsmessigekonsekvensar blir innarbeidd i økonomiplanen for 2018-2021.

Oversendingsframlegg frå kommunestyret 28.09.2017 til formannskapet:

Auka investeringsramme vert finansiert ved omdisponering innanfor allereie innvilga samla låneramme.

PS 103/17 Utbyggingsavtale for Håmyra bustadfelt - Din Bolig AS

Tilråding i formannskapet - 19.09.2017 til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner vedlagte utkast til utbyggingsavtale mellom Volda kommune og Din Bolig AS for bygging av Håmyra bustadfelt, datert 12.09.2017.

Handsaming:

Edvin Dale reiste spørsmål om habilitet. Han er tilsett hjå KA Austad AS, som er part i saka. Jf. fvl. § 6, 2.1. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Idar Flo gjekk kl. 17.03, det var 25 røysteføre til stades i møtet.

Røysting habilitet:

Edvin Dale vart samrøystes kjent habil og han tok sete.

Røysting (25 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 28.09.2017:

Kommunestyret godkjenner vedlagte utkast til utbyggingsavtale mellom Volda kommune og Din Bolig AS for bygging av Håmyra bustadfelt, datert 12.09.2017.



VOLDA KOMMUNE

PS 104/17 Orienteringssaker

Det var ingen merknader til orienteringssakene.

OS 53/17 Presentasjonsgrunnlag – Folkevaltnettverket

OS 54/17 HVO Mediefag - Prosjektstyring: Møte mellom styringsgruppe og Statsbygg - referat frå møte 28.6.2017

OS 55/17 Framdriftsplan per 28. august 2017 for nytt mediebygg med kultursal og visningssal

OS 56/17 Referat frå rådmannsgruppa 01.09.2017

Idar Flo kom kl. 17:07, det var 26 røysteføre til stades i møtet.

OS 57/17 Etablering av skjergardsteneste i Møre og Romsdal

PS 105/17 Delegerte saker frå avdelingane

Det var ingen merknader til dei delegerte sakene frå avdelingane.

Møtet slutt kl. 17:10

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
29.09.2017

Sonja Håvik
konsulent